



vedlegg 8 51/2

04-April-2014

**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Istdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Hjemmeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Dag Eivind Hagesæter

**Dykkar ref.****Sakshandsamar:**  
Anne Lise MolvikNedre Eikanger  
5913 EIKANGERVÅG**Vår ref.**  
2013/1494 - 0 -  
18340/2013**Telefon****Arkivkode:**  
213/62**Dato:**  
13.08.2013*Delegert sak***Løyve til utslepp av avlaupsvatn frå frådelt tomt - gbnr 213/62 Eikanger Nedre.**

Lindås kommune gjev i medhald av Forskrift om begrensing av forurensing kap 12 utsleppsløyve for 1 bustad på gbnr 2013/62 i samsvar med søknad stempla motteke 12.04.2013 med supplerande dokumentasjon motteke 17.07.2013, og på følgjande vilkår:

Avlaupet skal reinast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg slik det er søkt om, og med godkjend etterpolering, før utsleppet går i tett, nedgraven leidning til bekk med heilårvassføring.

Minireinseanlegget skal plasserast slik at det kan tömmast og haldast vedlike av godkjend føretak.

Det skal leggjast fram skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale før anlegget kan takast i bruk.

Eigaren av anlegget er ansvarleg for at anlegget vert drive og halde vedlike i samsvar med krav i utsleppsløyvet.

Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller andre fellesleidningar dersom slike vert ført fram til området.

Etablering av avlaupsanlegget er eit søknadspliktig tiltak i medhald av plan- og bygningslova § 20-1. Arbeidet kan ikkje starta opp før naudsynt løyve ligg føre.

Saksutgreiing:

Det er søkt om utsleppsløyve i samband med søknad om frådeling av bustadtomt på gbnr 213/4 på Eikanger Nedre. Eigedomen er godkjend frådelt og er oppretta. Eigedomen har fått tildelt nytt bnr 62.

Omsøkte utslepp skal førast til bekk med heilårvassføring og vidare til elv som renn ut i Eikangervågen.

Det omsøkte utsleppet utgjer ei belastning tilsvarande 1 bustad. Anlegget si reinseevne er dokumentert ved teknisk godkjenning utført av Sintef og tilfredsstiller krav som vert vurdert likeverdi med NS-EN-12566-3. Anlegget tilfredsstiller krava i forureiningsforskrifta for bruk i følsamt og normalt område og med brukarinteresser i resipienten.

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen er avsett til LNFR- føremål med høve til spreidd busetnad. Omsøkte tiltak er i samsvar med plan.

Søkjar har gjeve opplysningar om naboeigedomar og interesser i området og har vurdert at desse ikkje vert berørt.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre nabomerknader.

Vurdering:

Avlaupet frå eigedomen skal førast til Eikangervassdraget. Omsøkte utsleppsløysing stettar strengaste reinsekrav i forureiningsforskrifta, dvs krava til følsamt område med brukarinteresser. Administrasjonen finn såleis å kunne godkjenna omsøkte utsleppsløysing, men vil setja krav om at det vert montert etterpoleringsanlegg (til dømes kum med lettaklinker eller sandfilter) for å hindra slamflukt.

Etablering av avlaupsanlegget er eit søknadspliktig tiltak i medhald av plan- og bygningslova § 20-1. Anlegget kan ikkje etablerast før naudsynt løyve ligg føre.

Då anlegget skal plasserast på hovudbruket, bnr 4, må det leggjast fram erklæring der gbnr 213/4 gjev gbnr 213/62 løyve til å plassera og vedlikehalda avlaupsanlegget som er plassert på eigedomen, før byggjeløyve kan gjevast.

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming er i samsvar med gebyrregulativ 2013 for teknisk sektor.

G.2.1a	Utsleppsanlegg kalkulert til < 15 pe	Kr 4 000,-
--------	--------------------------------------	------------

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablera utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt, må ny søknad sendast inn.


Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf Fvl § 28. Det er oppretta kommunal klagenemnd i samsvar med kommunelova. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Der er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunnleggjast.

Med helsing



Einar Urheim  
fagleiar byggesak



Anne Lise Molvik

rådgjevar



Teknisk drift  
Besøksadresse:  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Hjemmeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Dag Eivind Hagesæter

Dykker ref.

Sakshandsamar:  
Linda FolkestadNedre Eikanger 19  
5913 EIKANGERVÅGVår ref.  
2013/1421 - 0 -  
9431/2013Telefon  
56375170Arkivkode:  
213/4Dato:  
16.04.2013

### Førehandstilsegn utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg, delingssak Gbnr.213/4.

Teknisk drift, VVA, syner til søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bustadeining i samband med delingssak Gbnr.213/4. Teknisk drift , VVA, har vurdert søknaden og vil gje førehandstilsegn til utvida bruk av eksisterande avkjørsle på følgjande vilkår (standard krav):

- Dette er berre eit tilsegn og ikkje eit løyve. Avkjørsla skal være opparbeida/utbetra av tiltakshavar og godkjent av vegmynde innan 3 – tre år frå dags dato, elles fell tilsegn bort. Før teknisk drift, VVA, gir endeleg godjenning av avkjørsla skal det foretas ferdigbefaring. Avkjørsla skal være godkjent av vegmynde før byggesak kan gje byggeløyve for bustad.
- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar dei tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om "alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg", §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal 017. Det vert blant anna stilt krav til utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein kan snu på eigen grunn.
- Avkjørsla skal på dei to første metrane ha eit fall frå communal veg på minimum 2,5% (5cm) før vegen stiger/faller. På dei neste 50m skal avkjørsla ha ei maks stigning/fall på 1:8. Avkjørsla skal være utforma slik at overvatn ikkje vert leia ut i kommunevegen.
- Under avkjørsla skal det leggast ned dreneringsrør med ei diameter på minimum 200mm. Dreneringsrøret skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
- Det skal være uhindra sikt langs vegen på kvar side av avkjørsla. Siktsona vert konstruert ved hjelp av ei siktrekant frå eit punkt 4m inn i avkjørsla og minimum 30m til kvar side av avkjørsla (sjå vedlagt kart datert Teknisk drift, VVA, 16.04.2013).
- Siktsona skal være fri for sikthindringar som hekk, mur, gjerde, byggverk, buskvekstar og andre sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vognivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla. Siktsona skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vognivå.
- Svingradius skal være slik at ein kan svinge til både høgre og venstre i kommunevegen. Svingradius er satt til minimum 3,0m.
- Dersom avkjørsle er adkomst til garasje, forretning, driftsbygning eller regelmessig vert nytta til bilkjøring, som til dømes adkomst til bustad/fritidsbustad, skal det utanfor vegområdet innrettast snuplass slik at rygging inn/ut frå communal veg unngåast.

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vilkåra som er nemnt ovanfor er utdrag frå gjeldande regelverk. Vegnormal 017 er tilgjengeleg på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) mens §§ 40-43 i Veglova og forskrift av 1964 (FOR-1964-07-16 nr 3905) er tilgjengeleg på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)

Tiltakshavar tar kontakt med Teknisk drift, VVA, når avkjørsla er opparbeida etter gjeldande regelverk/vilkår i førehandstilsegn. Tilfredsstiller avkjørsla dei tekniske krava ein har til avkjørsler frå offentleg veg, vil melding om godkjenning av avkjørsla sendast til byggesak slik at byggeløyve kan gis.

Det er §§ 40-43 i Veglova, forskrift av 1964 og vegnormal 017 som gjev heimel for at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at førehandstilsegn berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Førehandstilsegn er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

*Vedtak om førehandstilsegn kan pålagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok dette brev. Det er nok at klagan er postlagt innan fristen går ut. Klagan skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtak om førehandstilsegn. I klagan skal det komme fram kva som vert påklaga (førehandstilsegn) og kva endringar De som part ynskjer. Klagan skal grunngjevast.*

Med helsing

for

---

Arne Eikefet  
einingsleiar teknisk drift

Linda Folkestad  
Linda Folkestad  
saksbehandlar teknisk drift


Kopi til:  
Arnold Matre  
Sveinung A. Håkonsen

LINDÅS KOMMUNE  
Teknisk drift VVA

16.04.2013

213 / 26

2130 / 32



- Avlop felles
- Drenselning
- Overvann
- Pumpeledning spilvvann
- Pumpeledning vann
- Spilvvann
- Vandledning
- Udefinert grense
- Terregnølge grense
- Konstruert grensepunkt
- Boig
- Bustad m/leilighet
- Våningshus
- Store bustader

- Hytte/fjelhus
- Garasje/uthus
- Industri/lager
- Andre bygg

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune  
VVA avdeling

Dato: 2013.04.16  
Sign: folk



Malet skala:  
1:500

98 - 5.3 - 98

8b - s. 4/5

## Avtale om veirett

Det blir gitt ny matrikkel G.nr 213, b.nr 62, rett til å bruke eksisterende privatvei over b.nr 4 sin eiendom for tilkomst til boligtomt. Eier er forpliktet til å være med på drift og vedlikeholdsavtale for veien.


Eikanger, den 09.04.2013

Dag E. Hagesæter  
Dag Eivind Hagesæter

## Avtale om veirett

Det blir gitt ny matrikkel G.nr 213, b.nr 62, rett til å bruke eksisterende privatvei (se skisse 1) over b.nr 4 for tilkomst til boligtomt. Eier er forpliktet til å være med på drift og vedlikeholdsavtale for veien. Dersom det ikke blir enighet om vedlikeholdsavtalen kan den fastsettes etter skjønn for "normal" drift og vedlikehold av adkomstvei for inntil 10 boliger.

Skisse 1



Eikanger, den 04.04.2014

Dag L. Hagesæter

Dag Eivind Hagesæter